



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

Til søkjarar om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium

Dykkar ref.:

Vår ref.: 15/998-5 BTØ

Fredrikstad, 18. mars 2016

Søknad om produksjonstilskot for 2016

Kulturdepartementet fastsette 25. mars 2014 ny forskrift for produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium (vedlegg 1). Etter det nye regelverket kan eit medieselskap få tilskot til utgiving av hovudmedium og eventuelle tilknytte medieprodukt.

Søknadsfrist

Fristen for å søkje om produksjonstilskot er **15. april 2016**. Søkjarar som ikkje held fristen, mister retten til tilskot.

Revisorattestasjon

Søknaden skal attesterast av statsautorisert eller registrert revisor. For søkjarar som mottok mindre enn 400 000 kroner i tilskot i 2015, er det tilstrekkeleg at verksemda sin forretningsfører attesterer søknaden. I forskrift om fastsetjing av opplag mv. i nyheits- og aktualitetsmedium framkjem det kva opplysingar det skal attestere for.

§ 7. Søknad om produksjonstilskudd

Søknad om produksjonstilskudd skal leveres på skjema fastsatt av Medietilsynet.

Søknaden om produksjonstilskudd skal attesteres av revisor. Revisor skal attestere for at alle opplysninger hentet fra søkerens regnskaper og opplysninger om utbetalt utbytte eller konsernbidrag er korrekte. Revisor skal også attestere for at opplysninger om tilleggsvirksomhet, statlig driftsstøtte fra andre kilder og offentlige eierandeler i medieselskapet er korrekte. For søkere eid av konserner skal revisor også attestere for at det er oppgitt korrekt administrasjons- og serviceavgift til dekning av konsernets felleskostnader.

Forvaltningsloven kommer til anvendelse på Medietilsynets saksbehandling etter denne forskriften.

Elektronisk skjema

Nytt for i år er at du skal velje ID-porten når du skal logge deg inn på skjemaet. ID-porten er ei felles innloggingsløsning til offentlege tenester på nett og tilbyr sikker innlogging ved bruk av elektronisk ID. Meir informasjon om ID-porten finn du på <http://www.idporten.no>.

Ved å nytte innlogging via ID-porten vil heile søknadsprosessen skje elektronisk. Når du sender inn skjemaet går det direkte til den revisor du har valt i skjemaet. Du vil motta ein epost som kvittering på at du har sendt søknaden til revisor vedlagt skjemaet som pdf-fil. Denne fila vil berre innehalde dei felte revisor skal godkjenne. Dersom revisor ikkje godkjenner søknaden, får du skjemaet i retur med informasjon om kva som manglar eller er galt. Når revisor godkjenner søknaden, blir den sendt inn til Medietilsynet, og du vil få informasjon om at skjemaet er sendt inn.

Når du opnar skjemaet ber vi om mediet sitt ID-nummer. **ID-nummeret finn du i den vedlagte lista.** Organisasjonsnummeret skriv du utan mellomrom. Dette feltet er kopla opp mot Føretaksregisteret, og namnet vil bli fylt inn automatisk – dette for å sikre at organisasjonsnummeret er riktig.

Skjemaet finn du på nettsidene våre: www.medietilsynet.no. Dersom du har spørsmål til utfyllinga, kan du ringe oss for nærmare rettleiing på 69 30 12 00 eller sende e-post til post@medietilsynet.no.

Nye medium

Dersom du søker om tilskot til eit nyetablert medium, ber vi om at du sender oss ti ulike nummer av mediet frå 2015. Er mediet eit kontinuerleg oppdatert nettmedium, ber vi om at to fulle vekesproduksjonar frå 2015 blir gjort tilgjengelege for Medietilsynet. Publiseringsdato for den einskilde artikkelen må kome tydeleg fram.


Nye søkjarar vil få gjesting av Norsk Opplagskontroll AS for blant anna å kontrollere opplaget i 2015. Selskapet kjem til å ta kontakt med søkjar for å avtale tidspunkt for kontrollen.

Løyvingsramme


Løyvinga til produksjonstilskotet for 2016 er 313,046 millionar kroner.

Den endelege tilskotssummen til media for 2016 blir kjend i oktober når satsane er fastsette av Kulturdepartementet.

Med helsing



Tor Erik Engebretsen e.f.
områdedirektør tilskot, økonomi og marknad



Bjørn Tore Østeraas
seniorrådgjevar

Kopi:

Mediebedriftene og Landslaget for Lokalaviser

Vedlegg:

Forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium

Forskrift om fastsetting av opplag og utgåver i nyheits- og aktualitetsmedium